



Smittevernreglar ved bruk av fleirbrukshall til møte

- Det skal vere ein namngjeve ansvarleg for arrangementet som er kjend med smittevernreglane og som ser til at desse vert følgt
- Alle arrangement skal vere meldt inn og godkjent ved servicekontoret med kontaktinformasjon til ansvarleg arrangør
- Det skal vere 1 ledig stolsete mellom kvar på fastmonterte seter, dersom lause stolar vert nytta skal stolane vere plassert med 1 meters mellomrom og ferdig merka i førekant.
Det kan etter føresegna være inntil 200 personar i lokala ved offentlege arrangement ved tilviste plassar og 30 utan tilviste plassar. Dog ikkje fleire enn at det er mogleg å halde 1 meter avstand for folk som ikkje er i same husstand. For private arrangement er grensa 30 personar.
- Det påbode å nytte munnbind
- Alle skal nytte handsprit ved inngang. Arrangør må sjølv skaffe dette
- Alle skal skrive seg inn og ut av besøksprotokoll som skal oppbevarast av arrangør i 10 dagar før dei vert makulert
- Kontaktflater som dørhandtak, lysbrytarar, bord og stoler skal reingjerast etter arrangementet. Bruk ferdigblanda reingjeringsmiddel og mikroklutar eller papir. Handsprit skal ikkje nyttast til reingjering. All søppel skal fjernast

Desse reglane er gjeldande frå og med 14. januar 2022

Kriseleiinga Åseral kommune
14. januar 2022

